



Haugen Vva AS
Fabrikkgaten 7B
5059 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1245 - 18/38173

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
20.12.2018

Mellombels bruksløyve teknisk infrastruktur reguleringsplan Stølshaugane - gbnr 141/1 Kvamme Nedre

Administrativt vedtak. Saknr: 694/18

Tiltakshavar: Majo Eigedom AS

Ansvarleg søkjar: Haugen Vva AS

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 19.12.17.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Asfaltering av interne vegar i bustadfeltet
2. Støping av fortauskant.
3. Asfaltering av fortau.
4. Overlevering av offentleg VA-anlegg til Lindås kommune

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket godkjent i vedtak datert 19.12.17.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.05.19

Det vert elles vist til søknad motteken 30.11.18 endeleg supplert med godkjenning av hovudanlegg for VA den 19.12.18 i sak 16/3468.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring



Bygningstiltak:	Teknisk infrastruktur Stølshaugane bustadfelt/planid.: 1263-201302
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Offentleg

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for teknisk infrastruktur godkjent i vedtak datert 19.12.17 i sak 17/1245 på eigedom gbnr 141/1, 3 mfl. Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: Heile
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.05.19.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1245

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Haugen Vva AS	Fabrikkgaten 7B	5059	BERGEN
Majo Eigedom AS	Lindåsvegen 154	5916	ISDALSTØ
Majo Eigedom AS	Lindåsvegen 154	5916	ISDALSTØ

Mottakarar:
Haugen Vva AS

Fabrikkgaten 7B 5059

BERGEN